Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av höy

Oppskr. av: Johan Reppen

(adresse): Sogndal, Sogn

Fylke: Sogn og Fj.

Herad: Sogndal

Bygdelag: Sogn Middalen.

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Nelling Nelueggjeng f. 1870. Kårmann 79 år.

SVAR

1. I gamal tid bar folk höyet i hus, jamvel på heimeböen. I utmarka var det no sjölugjevi, dersom då ikkje sjölve markaskapet band inn til å bruka sloe.
Dei hadde same bruksmåten både på större og mindre bruk, som det og går fram av det som er nemnt ovanfor. Dei större bruk, med 1 eller 2 öykjer, slepte desse i fjellet, og fann det ikkje bryet verd å henta dei heim onnetider.
Utmarkslått har gått meir og meir av bruk i seinare år, med di utmarksslåtta etter kvart vert nytta til kulturbeite.
Det er ingen skilnad i så måte mellom större og mindre bruk.
Dei aller fleste bruk held hest, og i anna höve får dei lånt.

2. Bering og draging på sloe var dét vanlege. Sloen av unge tre. Ofte som kluft, og tog til å dra etter.

3288

Ved bering alltid toget over ekslene. På flatt lende hjelp til å koma på fot, og alltid attanfrå.
Lessing på sloe framanfrå og attover. Borna var med og rakte og dragsa höy til sloen.
I hovudsokna (Stedje) bruka dei ikkje „rodda", men i Norum (anneks) var „rodda" i bruk. Ho var laga av grant tog. Fraktinga nemndest å „rudla rodda."
Löypestreng i bruk dei siste 50-60 år.

3. Köyrde höyet heim på vinterföre til vanleg. På vintersledane skoning på meiane. Til sumarslede vanleg treslede (tremei) Sjölve sleden nemnest og ofte for tremei.
Ikkje lovleg med slede på rodelagd veg. Arbeidsvogna (höyvogna) til vanleg tohjult. I seinare år med grind. Arbeidsvogna har elles avlöyst tresleden etter kvart.
I lasset, fengt lass på vogn, går det jamnast 4 gilde byrdar.
Helst höytang. Dei samla alt höyet vel inn. Toget kallast „åtgjöring": å „gjöra" lasset.
Kästeteigar: I utmark hadde dei i eldre tid kasteteigar, dei kalla. Denne skipnaden kom vel helst opp etter deling av bruka. Dei to brukarane hadde då teigen skiftevis annakvart år.

3288

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING